



Bokn kommune

---

SEKSJON KULTUR SKULE OG  
BARNEHAGE

Dato: 24.08.2020

Vår arkivsakID: 20/384  
Dykkar referanse: Wenche Laupland  
Sakshandsamar: Havikbotn

## Informasjon om leksehjelp skuleåret 2020/21

I følgje opplæringslova skal kommunen ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskulen. Tilbodet skal vera gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vera frivillig om dei ønskjer å dette.

I forskrifta til opplæringslova står det at leksehjelpa ikkje er ein del av opplæringa, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi elevane hjelp til skularbeidet.

Det er ikkje krav om at det skal vera pedagogisk personalet på leksehjelpa.

Også i år blir tilbodet om leksehjelp gitt til dei elevane som går i 5. – 8. klasse. Og det er fagarbeidar som skal vera til stades på leksehjelpa.

Leksehjelpa vil bli måndag og onsdag rett etter skulen:

- Måndag 14:10 – 15:10
- Onsdag 13:15 – 14:15

Det blir ikkje organisert skyss heim etter leksehjelpa.

**Første gong blir måndag 31. august.**

Med helsing

Wenche Laupland Havikbotn  
rektor

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.*